



*Turskilt-prosjektet - det skal merkes i hele landet!*

### Formål

Formålet med turskiltprosjektet er å bidra til auka og trygg friluftsfærdsle der folk bur og oppheld seg, gjennom informasjon, skilting og merking.

### Kven kan søkje?

1. Frivillige organisasjonar og foreiningar (idrettslag, speidar, grendelag, velforeiningar, turlag osv) registrert med organisasjonsnummer i det offentlege frivillighetsregisteret.
2. Interkommunale friluftsråd.
3. Kommunar, reiselivsorganisasjonar, hytteforeiningar og andre interessentar kan søkje saman med ein frivillig organisasjon(kategori 1) eller eit interkommunalt friluftsråd(kategori 2).

### Kva kan støttast?

Prosjektmidlane skal gå til merking og skilting av turruter i tråd med Merkehandboka, [www.merkehandboka.no](http://www.merkehandboka.no) – utg.: Den Norske Turistforening, Friluftsrådernes Landsforbund og Innovasjon Norge, 2013.

Standarden byggjer på ein mal for skilting og merking samt eit verktøy for gradering som tek omsyn til vanskelegheitsgrad. Søkkjar avgjer om turrutene skal graderast.

Stønaden går **berre** til innkjøp og produksjon av skilt, merking og infotavler (inkl. innfestingsmaterieill / anna festematerieill) samt til informasjon knytt til tavlene. Det kan gis støtte til skilting og merking av alle typar løyper og stiar som omtalast i Merkehandboka. Det gis **ikkje** støtte til prosjektering, infomaterieill, utbetring av sjølvne turruta eller til marknadsføring.

### Kva stiar/turruter prioriterast?

- Turruter i nærleiken av der folk bur og oppheld seg
- Turruter som er ferdig prosjektert (planlagt)
- Prosjekt som inngår i ein heilskapleg plan eller strategi
- Turruter med plan for aktivitetstiltak/synliggjeringsiltak
- Turruter med forventet stor bruk
- Turruter knytt til haldeplass/knutepunkt for kollektiv transport
- Samarbeidsprosjekt der fleire partar deltek
- Prosjekt som legg opp til dokumentasjon av bruken (elektronisk, turpostkasser eller liknande)